

## Innkalling/saksliste Voss Reiselivsråd

Dato: 14.12.2023

Stad: Kapellankåken

Tid: 10:00 -12:00

Til stade:

Hege Magnusson, leiar i rådet, (Voss Resort)  
Frode Solbakk (Voss Active)  
Øystein Ormåsen (Wild Voss)  
Tor Andre Villmones (Scandic Voss)  
Berit Lunde (Park Hotel Vossevangen)  
Thomas Stene (Fleischer's Hotel AS)  
Sigmund Vereide (dagleg leiar i Hardanger og Voss Næringshage AS)  
Gry Bystøl (leiar Visit Voss)

Fråfall: Tine Schjønhaug Kjosås (Hardanger og Voss museum), Helene Bjørnø (Norway's Best)

### Saker

Me byrja møtet med ei omvising i Kappelankåken, og ei orientering frå Linda Eide om det nye konseptet «kulturpause i Kåken». Sjå også her <https://www.visitvoss.no/kulturpause-i-kaellankaken>

### Orientering frå leiar i Visit Voss Gry Bystøl Gladheim:

- **Voss vert arrangørstad for Hike and Bike workshop 9.-11. september 2024!**  
Tidlegare i haust sende administrasjonen inn søknad til Innovasjon Norge om å få bli arrangørstad for denne workshoppen. Me fekk tilslaget, og i september 2024 får Voss 35 internasjonale turoperatørar innan adventure/aktiv segmentet på besøk. Innovasjon Norge skriv at dei fekk inn 9 svært gode søknader og konkurransen var hard. Dei har utvikla eit poengskårskjema, kor søknaden frå Voss fekk full score på alle kriterier. Ganske kjapt over nyttår vil Innovasjon Norge lage ei eige nettside for workshoppen og opne for påmelding, dette vert spanande!
- **Hardangerfjord Luncheon i London**  
Måndag 4. desember deltok Visit Voss på Visit Hardangerfjord sitt turoperatørarrangement i London.  
Der fekk me gode møter med motiverte turoperatørar, med rammer som gav mykje betre tid enn på ein "vanleg" Innovasjon Norge Workshop.  
Dagen byrja med presentasjonar frå alle dei norske aktørane som var til stades. Så når ein hadde ein-til-ein møter med operatørane etterpå hadde dei allereie fått ein del info og nytt frå Voss.  
Det var særleg fire operatørar Visit Voss hadde gode samtalar med:  
**Discover the World:** Ein turoperatør som allereie er til stades på Voss med skulegrupper på Vandrarheimen. Dei ynskjer å utvide sitt opplegg på Voss til også skulegrupper vinterstid, fleire grupper sommarstid og dei vil nytte seg meir av det lokale aktivitetstilbodet.  
**Exodus - adventure travel:** operatør som har gruppeturar for aktive kundar. Har i dag to ulike gruppeturar til Norge. Er på jakt etter nytt vinterprogram med ski, og tykkjer Voss då er særleg interessant. Koplar Voss Resort og Myrkdalen på her.

**Operation Europe:** ein operatør som har gruppeturar til skandinavia fra den engelskspråklege marknaden. Har tidlegare (fleire år sidan) hatt ganske mykje trafikk til Voss, men det stoppa altså opp for nokre år sidan. Ynskjer informasjon og hjelp til å kome i gang med operasjonane på Voss igjen.

**Best served Scandinavia:** operatør som har vore på to visingturar til Voss det siste året. Dei sit i skrivande stund og jobbar med å få meir av Voss inn i portefølja si, spennande å fylgje korleis det blir.

Me fylgjer sjølvsagt alle desse tett opp, saman med dei andre operatørane som var på workshopen.

Det er stor interesse for å stå på nyheitsbrevlista vår frå destinasjonen, så desse må me legge litt flid i i 2024.

- **Saman med Voss herad ynskjer me å kartlegge rutebehov for offentleg transport.**

Eit viktig suksesskriterie for reiselivet er offentleg transport. For å finna ut kor skoen trykker tek Voss herad og Visit Voss initiativ til ei enkel kartlegging for å få eit bilete av både utfordringar og moglegheiter:

Kva ruter manglar og kortid bør dei gå?

Når du fyller ut skjemaet skal du ta med både tilsette som skal til og frå jobb, hytteeigarar og turisten (dag og rundreise).

Link til skjemaet

her: [https://docs.google.com/spreadsheets/d/1SqEgGC1Qo4bmFq1C8\\_NSJHyGKX03L0sFkdywEOQ\\_vl/edit?usp=sharing](https://docs.google.com/spreadsheets/d/1SqEgGC1Qo4bmFq1C8_NSJHyGKX03L0sFkdywEOQ_vl/edit?usp=sharing)

- 

**Vidare ynskjer Voss herad å gjere eit kartlegging av fritidsbustader som kan nyttast til å huse flyktningar**

Voss Herad har vorte beden om å busetja 180 flyktningar i 2024. I den samanhengen kan det bli nødvendig å ta i bruk fritidsbustader. Me ønskjer derfor at eigarar av fritidsbustader melder sin interesse for utleige. Voss Herad vil stå som leigetakar og skriv kontraktar med 2 års varigheit med gjensidig oppseiingstid på 3 månader. Fritidsbustadene vil bli mellombels fritekne frå søknadsplikt og vil dermed kunna brukast som fast bustad/heilårsbustad under varigheita til kontrakten. Dette gir også rett til straumstøtte. Fritidsbustader som er aktuelle må ha: Kjøkkenløyising, stove og bad. Tilknytning til vass - og avløpssystem. Straum og internett. Dersom det ikkje er moglegheit for å teikne eige abonnement til internett gjennom allereie etablert utstyr, må utleier sørge for at dette blir etablert. Nærleik til offentleg veg. Branntryggleiken må vera vareteken.

Fyll ut skjemaet med informasjon om aktuelle utleigeobjekt de som reiselivsbedrifter har, så tek heradet kontakt med

dykk: [https://docs.google.com/spreadsheets/d/1wWOOhQ92UVQ5YMMRYu3eBJShxx\\_n8iaRSEXNFegofT8/edit?usp=sharing](https://docs.google.com/spreadsheets/d/1wWOOhQ92UVQ5YMMRYu3eBJShxx_n8iaRSEXNFegofT8/edit?usp=sharing)

### **17-23: Personalbustader for sesongtilsette i reiselivet på Voss Folkehøgskule – Orienterings-diskusjonssak**

Fleire reiselivsbedrifter har ytra utfordringar med å finne passande husrom til tilsette, og at dette gjer rekruttering vanskelegare, særleg av sesongtilsette. No har me kome i kontakt med rektor på Voss Folkehøgskule, og har eit ståande tilbod om å få leie rom til sesongtilsette der frå medio mai 2024.

#### Drøfting/info

Direktør på Scandic Voss og leiar i Visit Voss har hatt møte med rektor på Voss Folkehøgskule. Det vil bli moglegheit for reiselivsbedrifter å leige rom til sine tilsette på Voss Folkehøgskule.

Foreløpig er det Scandic Voss som har vore tydelegast på at dei har eit stort behov. Difor er det Tor Andre Villmones på Scandic Voss som held kontakten vidare med folkehøgskulen. Ta gjerne direkte kontakt med han ved spørsmål! [TorAndre.Villmones@scandichotels.com](mailto:TorAndre.Villmones@scandichotels.com)

### **18-23: Rekruttering av nye medlemmer - Orienterings- diskusjonssak**

Reiselivsrådet var på samlinga 14.-15. november einige om at ein må få inn fleire medlemmer i Visit Voss. Då dei aller fleste reiselivsbedriftene i bygda er medlemmer, betyr dette at ein også må få med «tilgrensande» næringar / bedrifter, som tener på reiselivsaktivitetan i bygda.

Administrasjonen har difor hatt møte med butikksjef på Rema 1000 Voss (28.november) og Encon Voss (8. desember)

Begge bedrifter er positive til eit medlemskap i Visit Voss og til å vere med å bidra. Me skal kome attende til dei med eit konkret forslag til modell/medlemskap og må diskutere fylgjande:

- Prisenivå og måten å rekne det ut på
- Kva skal ligge i medlemskapet?
- Gulerøter / gode me kan gi dei?

#### Drøfting / diskusjon

Administrasjonen har også vore i kontakt med fleire av dei største matbutikkane på Voss, som verkar positive til å bidra inn i fellesskapet.

Reiselivsrådet tykkjer det er viktig å få med Voss Sentrum bedriftene inn i Visit Voss også. Administrasjonen forklarar at det er laga eit oppsett til Voss sentrum bedriftene som tilbyr medlemskap og synlegheit i Visit Voss som no vert prøvd solgt inn.

Reiselivsrådet tykkjer at underleverandørar / direkte samarbeidspartnarar til reiselivsbedriftene bør kunne gå inn med ei medlemspakke på 60`, då dei også er avhengige av at reiselivet på Voss driv godt.

Vidare at ein kan lage ei medlemspakke til 20` for andre aktørar innan tilgrensande næringar som daglegvarehandel og entreprenørbransjen. Bidragsytarane for destinasjonsutvikling.

Viktig at det vert synleggjort at desse bidraga går direkte til marknadsmidlar, øyremerka marknadsføring.

Reiselivsrådet vil gjennomføre eit arbeidsmøte i byrjinga av januar 2024, for å setje i gang ein vervekampanje, rekruttere nye medlemmer, skrive pressemelding og få litt blest rundt prosessen ein set i gang.

Administrasjonen utarbeider aktuelle pakker for medlemskap og innsalsmateriell til dette møtet.

### **19-23: Tiltaksplan 2024**

#### Visit Voss si vurdering:

For 2024 har ein mindre budsjett enn dei førre to åra. Ein må difor «konsolidere» og konsentrere seg om kjerneoppgåvene til Visit Voss. Difor er tiltaksplanen for 2024 mindre omfattande enn i 2023.

### Drøfting / diskusjon

Eventuelle innspel til handlingsplanen må sendast til [gry@visitvoss.no](mailto:gry@visitvoss.no) innan 01.01.2024

### **20-23: Justering av medlemsbidrag for 2024**

#### Visit Voss si vurdering:

Budsjettet for Visit Voss for 2024 er betrakteleg mindre enn i 2023 (ligg vedlagt). Administrasjonen foreslår difor nokre mindre justeringar i medlemsbidraget.

Dersom ein justerer opp medlemsbidraget med dei tre grepa under vil ein få 250 000,- ekstra inn på budsjettet.

- Oppjustering av minstebidrag frå 5000,- til 6000,-
- Oppjustering av ordinert medlemsbidrag frå 0,3% til 0,4%
- Oppjustering av maksbidrag frå 140 000,- til 165 000,-

Auke i budsjettet på 250 000,- vil bety:

- Økt budsjett på innhaldproduksjon og Performance marketing (150 - 200`)
- Økt budsjett til Salg/Markedsføringskostnader/Fjord Norge (550` - 700`)
- Økt budsjett til Reisekostnader/workshops/messer (150 - 200`)

#### Vedtak:

Reiselivsrådet er innstilt på å justere opp medlemsbidraget, men ein ynskjer ein større innsats for å få inn fleire medlemmer fyrst. Altså, spleiselaget må bli større før Reiselivsrådet vil gå inn for auka medlemsbidrag, og medlemmene i Reiselivsrådet er innstilt på å gjere ein innsats her.

Administrasjonen bør sjekke opp i kva som er innslagspunkt for omsetningsbasert medlemskap, for å sjå om det er nokre som betalar minstebidrag som burde betale meir.

### **21-23 Ymse**

Leiar i Reiselivsrådet og administrasjonen set opp eit forslag til møteplan for 2024.